

## Søknad om midlar planleggingsarbeidet med rullering trafikksikringsplan 2017 - 2020

Arbeidet har alt kome i gong. Ei arbeidsgruppe med medlemmer utpeika av rådmannen + TS-kontakten frå Statens Vegvesen og ein representant for FAU skule/barnehage, utgjer plangruppa. Desse er med:

- Jarle Kåre Oen, kommuneplanleggjar (leiar/sekretær)
- Råmund Skjold – kommunalsjef for tekniske tenester
- Øyvind Lunde – einingsleiar for Teknisk Plan og Forvaltning
- Mats Korneliussen – TS-kontakt Statens Vegvesen
- Nina Knudsen – FAU-representant

Formannskapet har nyleg vedteke (8.mars 2017) eit planprogram som er lagt ut på høyring. Fylkeskommunen har fått tilsendt dette særskild. Dette er såleis ein kommunedelplan og vert handsama etter plan- og bygningslova sine reglar. Det er ein rullering der ein går gjennom utgåande plan og vil byggja på det same oppsettet i den rullert utgåva. Planen har eit perspektiv fram mot 2020. Etter dette utgjer «gamle Øygarden» saman med Fjell og Sund ein del av den nye storkommunen med arbeidstittel «Nye Øygarden kommune».

Målet med denne rulleringa er:

- Få ein oppdatert kommunedelplan for trafikksikring
- Få ei oppdatert framstilling av dei tiltaka som skal prioriterast i åra fram mot 2020 i samarbeid med statlege og regionale aktørar

Det vert synt til planprogrammet. Aktivitetane er sett opp i følgjande framdriftsplan:

Aktivitet	Vår 2017	Haust 2017
Framlegg til planprogram – rådmannen si innstilling	10.02	
Handsaming av planprogrammet formannskapet – ut til høyring	08.03	
Offentleg kunngjering	Veke 10	
Frist for merknader og innspel til planprogrammet	20.04	
Endeleg tilråding av planprogramm - formannskapet	10.05	
Vedtak av planprogram - kommunestyret	24.05	
Framlegg til kommunedelplan om Trafikksikring – formannskapet vedtak om høyring		13.09
Frist for merknader og innspel til kommunedelplan for trafikksikring		26.10
Endeleg vedtak Kommundelplan for trafikksikring - formannskapet		15.11
Endeleg vedtak Kommunedelplan trafikksikring – Kommunestyret		13.12